



## Innkalling av Valstyret

**Møtedato:** 03.05.2017

**Møtestad:** Osterøy rådhus - heradsstyresalen

**Møtetid:** kl. 16.00 – kl.17.00 (møtet startar rett etter formannskapsmøtet same dag)

Eventuelle forfall må meldast til Bente Skjerping per tlf. 56192100, sms til 41587200 eller per epost til bente.skjerping@osteroy.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

### Sakliste

Saknr	Tittel
001/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/17	Godkjenning av møtebok
003/17	Stortings- og sametingsvalet 2017 - mottak og handsaming av førehandsrøyster
004/17	Stortings- og sametingsvalet 2017 - tidlegrøysting og førehandsrøysting
005/17	Førehandsrøysting i institusjonar m.m. og ambulerande røystemottak
006/17	Valet 2017 - Utlekking av manntalet til offentleg ettersyn
007/17	Stortingsvalet 2017 - førebels oppteljing av valtingsrøyster

28. april 2017

Jarle Skeidsvoll  
leiar

Bente Skjerping  
sekretær

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
001/17	Valstyret	PS	03.05.2017

Saksbehandlar		ArkivsakID
Bente Skjerping		17/1057

## Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste vert godkjent.

### Saksopplysningar:

Innkalling med sakliste er send ut.

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
002/17	Valstyret	PS	03.05.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Bente Skjerping	17/1057

## Godkjenning av møtebok

32T

Protokoll - Valstyret - 26.10.2016

**Møteprotokoll frå vert godkjend.**

## Saksopplysningar:

Møteprotokoll er send ut til godkjenning.



## Møteprotokoll for Valstyret

**Møtedato:** 26.10.2016  
**Møtestad:** Osterøy rådhus - heradsstyresalen  
**Møtetid:** 12:30 - 13:00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Jarle Skeidsvoll	KRF	Utvaleiar
Mortensen, Alf Terje	FRP	Nestleiar
Berit Moslett Borge	H	Medlem
Kjersti Ingolvsdotter Vevatne	V	Medlem

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Johannes Bysheim	AP	Medlem

Frammøtte varamedlemmer	Parti	Erstatter medlem
Johannes Haugland	SP	Johannes Bysheim

---

**Følgjande frå administrasjonen møtte:** Utvalssekretæren

---

### Sakliste

Saknr	Tittel
001/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/16	Referatsaker og meldingar
003/16	Stortingsvalet 2017 - røystekrinsinndeling og røystetider

## **001/16: Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**Innkalling og sakliste vert godkjent.**

### **26.10.2016 VALSTYRET**

Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste.

#### **VS - 001/16 VEDTAK:**

**"Innkalling og sakliste vert godkjent."**

---

## **002/16: Referatsaker og meldingar**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**"Referatsakene vert tekne til vitande."**

### **26.10.2016 VALSTYRET**

Det vart ikkje gjort vedtak i tilknytning til referatsakene.

#### **VS - 002/16 VEDTAK:**

**"Referatsakene vert tekne til vitande."**

---

## **003/16: Stortingsvalet 2017 - røystekrinsinndeling og røystetider**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

«Valtinget 11.09.17 vert halde på desse stadene og med slike opningstider:

Lonevåg krins	Lonevåg skule	Kl. 12.00 – kl. 20.00
Haus krins	Skulebygget, gymnastikksalen	Kl. 12.00– kl. 20.00
Bruvik krins	Bruvik helselag sitt fellesrom i	Kl. 12.00 – kl. 20.00

	aldersbustadene	
Hauge krins	Skulebygget	Kl. 12.00 – kl. 20.00
Fotlandsvåg krins	Skulebygget	Kl. 12.00 – kl. 20.00
Valestrand krins	Skulebygget, gymnastikksalen	Kl. 12.00– kl. 20.00

Røystekrinsane Tysse, Mjøsdaalen, Bysheim, Hjellvik, Hamre, Seljerind og Votlo vert ikkje oppretthaldne.

Kommunen innfører elektronisk avkryssing i manntalet på valdagen.»

## 26.10.2016 VALSTYRET

Kjersti I. Vevatne, V, gjorde slikt framlegg om tillegg: "2. Før handsaming i heradsstyret skal rådet for personar med nedsett funksjonsevne og eldrerådet hatt høve til å uttale seg.

3. Rådmannen får i oppgåve å vurdere om nedlegging av røystekrinsar kan påverke valdeltakinga, då med særleg vekt på eldre og funksjonshemma. Ved eventuelle negative følgjer må rådmannen foreslå tiltak som kan avbøta."

Alf Terje Mortensen, FRP, gjorde slikt framlegg: "Rådmannen sitt framlegg vert vedteke med følgjande endringar: Røystekrinsane Tysse, Mjøsdaalen, Hjellvik og Hamre vert oppretthaldne."

## AVRØYSTING

Kjersti Vevatne sitt framlegg - samrøystes vedteke

### Alternativ avrøysting

Rådmannen sitt framlegg - 3 røyster (1KRF,1V,1SP)

Alf T. Mortensen sitt framlegg - 2 røyster (1FRP,1H)

## VS - 003/16 VEDTAK:

«1. Valtinget 11.09.17 vert halde på desse stadene og med slike opningstider:

Lonevåg krins	Lonevåg skule	Kl. 12.00 – kl. 20.00
Haus krins	Skulebygget, gymnastikksalen	Kl. 12.00– kl. 20.00
Bruvik krins	Bruvik helselag sitt fellesrom i aldersbustadene	Kl. 12.00 – kl. 20.00
Hauge krins	Skulebygget	Kl. 12.00 – kl. 20.00

Fotlandsvåg krins  
Valestrand krins

Skulebygget  
Skulebygget, gymnastikksalen

Kl. 12.00 – kl. 20.00  
Kl. 12.00– kl. 20.00

Røystekrinsane Tysse, Mjøsdaalen, Bysheim, Hjellvik, Hamre, Seljerind og Votlo vert ikkje oppretthaldne.

Kommunen innfører elektronisk avkryssing i manntalet på valdagen.

2. Før handsaming i heradsstyret skal rådet for personar med nedsett funksjonsevne og eldrerådet hatt høve til å uttale seg.

3. Rådmannen får i oppgåve å vurdere om nedlegging av røystekrinsar kan påverke valdeltakinga, då med særleg vekt på eldre og funksjonshemma. Ved eventuelle negative følgjer må rådmannen foreslå tiltak som kan avbøta."

---

Til å skriva under møteboka vart desse valde: Berit Moslett Borge og Johannes Haugland

Lonevåg, 31.10.16

Bente Skjerping  
Utvalsesekretær

---

Ordfører Jarle Skeidsvoll  
leiar

Berit Moslett Borge

Johannes Haugland

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
003/17	Valstyret	PS	03.05.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Bente Skjerping	17/1046

## Stortings- og sametingsvalet 2017 - mottak og handsaming av førehandsrøyster

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

**«Rådmannen får fullmakt til å oppnemna personell til mottak, handsaming og godkjenning av førehandsrøystene i samband med stortings- og sametingsvalet 2017.»**

### Saksopplysningar:

#### Saksopplysningar:

### Bakgrunn

I samband med tidlegare val har det vore oppnemnd faste personar til å opna og godkjenne førehandsrøystene.

Valstyret vert rekna som eit "fast utval" og kommunelova sine reglar om val, sakshandsaming i utvalet og delegeringsmynde gjeld difor, jfr. kl. § 10.

Etter delegeringsreglane i kommunelova, § 23 nr. 4. kan rådmannen kan få delegert vedtaksmynde i saker av "ikkje prinsipiell" karakter. Som eksempel på slike saker er vist til prøving av kurante førehandsrøyster.

Nye arbeidsformer som følgje av ny teknologi gjer at ein treng mindre mannskap til arbeidet med innkomne førehandsrøyster. I staden krev organisering og gjennomføring av sjølvne førehandsrøystinga meir ressursar då denne oppgåva er lagt til kommunen.

Ved tidlegare val har rådmannen fått fullmakt til å oppnemna personar til mottak og behandling av førehandsrøystene. Fullmakta vil og gjelda i høve til supplering dersom det skulle verta trong for det i samband med fråver eller andre årsaker.

### Vurdering

Handtering av førehandsrøystene før valet vert gjort administrativt og det er mest praktisk at rådmannen får fullmakt til oppnemning av personell til oppgåvene.

Folkehelse – ikkje vurdert i saka  
Miljø – ikkje vurdert i saka  
Økonomi – ikkje vurdert i saka

### Konklusjon



Det er mest føremålstenleg at rådmannen har fullmakt til oppnemning av personell. Då kan ein og fort supplera med nye personar dersom det skulle verta trong for meir mannskap i løpet av perioden.

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
004/17	Valstyret	PS	03.05.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Bente Skjerping	17/1053

## Stortings- og sametingsvalet 2017 - tidlegrøysting og førehandsrøysting

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

**"Førehandsrøystinga til kommunestyre- og fylkestingvalet vert halde i Osterøy rådhus, Servicekontoret, innanfor ordinær opningstid. Torsdag 07.09.17 vert opningstida utvida til kl. 18.00. I tillegg vert det halde ope for røysting laurdag 02.09.17, kl. 10.00 – kl. 14.00.**

**Tidlegrøysting til valet, i perioden 03.07. – 09.08. 17 vert halde i Osterøy rådhus, Servicekontoret, innanfor ordinær opningstid."**

### Saksopplysningar:

#### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Kommunen har ansvaret for gjennomføring av førehandsrøystinga til stortings- og sametingsvalet 2017. Valstyret avgjer kvar førehandsrøystinga skal gå føre seg og kva opningstider ein skal ha. Oppnemning av røystemottakarar er teke opp i eiga sak.

Vallova seier i § 8-3 at røystinga skal gå føre seg i eigna lokale og hjå røystemottakar oppnemnd av valstyret. Førehandsrøystinga skal gå føre seg i tida 10. august til og må avsluttast fredag 08. september. I tillegg kan ein førehandsrøysta alt frå 03. juli også innanlands. Dette er meint som eit tilbod til veljarar som ikkje har høve til å røysta korkje ved den ordinære førehandsrøystinga eller på valdagen.

I forskrifta til vallova står det at førehandsrøystinga skal leggjast til lokale som er lett tilgjengelege og der alle veljarar kan ta seg inn utan å måtta be om hjelp. Andre lokale skal ikkje nyttast utan at det er særlege grunnar til det. Førearbeida til den nye lova føreset at det ikkje skal takast imot røyster i lokale med kommersielt preg, men i brev frå departementet av 14.04.11 vert tilgjenge og universell utforming vektlagt og kommunane vert oppfordra til å vera kreative ved val av røystelokale.

Ved tidlegare val har ordinær førehandsrøysting vore lagt til rådhuset av praktiske omsyn. Her har ein tilgang til datasystem, kan skriva ut valkort m.v. I tillegg vil ein ha personale til ei kvar tid som kan ta mot førehandsrøystene. I dei fleste kommunar vert førehandsrøystinga lagt til rådhuset, men kommunen står fritt til å halda førehandsrøysting på fleire stader.

I tillegg til ordinær førehandsrøysting skal kommunen leggja til rette for tidlegrøysting i perioden 01.

juli til 09. august. Valstyret fastset kvar røystinga skal skje og opningstid. Alle veljarar kan i praksis be om å få røysta frå 03. juli. Dette skal normalt skje innanfor ordinær arbeidstid/opningstid. Dersom dette ikkje er mogeleg for veljaren, skal ein så langt det er rimeleg imøtekoma ynsket om eit anna tidspunkt.

Ved førre val vart det gjort slikt vedtak om røystelokale og opningstid for førehandsrøystinga:

*"Førehandsrøystinga til kommunestyre- og fylkestingvalet vert halde i Osterøy rådhus, Servicekontoret, innanfor ordinær opningstid. Torsdag 10.09.15 vert opningstida utvida til kl. 18.00. I tillegg vert det halde ope for røysting laurdag 05.09.15, kl. 10.00 – kl. 14.00.*

*Tidlegrøysting til valet, i perioden 01.07. – 09.08. vert halde i Osterøy rådhus, Servicekontoret, innanfor ordinær opningstid."*

### **Vurdering**

Rådmannen gjer ikkje framlegg om endringar i høve til tidlegare praksis for førehandsrøystinga.

Folkehelse - ikkje vurdert i saka  
Miljø - ikkje vurdert i saka  
Økonomi - ikkje vurdert i saka

### **Konklusjon**

Saka vert lagt fram for valstyret til vurdering og avgjerd.

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
005/17	Valstyret	PS	03.05.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Bente Skjerping	17/1050

## Førehandsrøysting i institusjonar m.m. og ambulerande røystemottak

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Ved stortings- og sametingsvalet vert det halde førehandsrøysting på desse institusjonane: Osterøytunet og Bergen kretsfengsel, avd. Osterøy. I tillegg vert det halde førehandsrøysting ved omsorgs-/eldrebustadene på Valestrand, Lonevåg, Hosanger, Fotlandsvåg og Haus og på Osterøy vidaregåande skule.

Frist for å søkja om å få røysta heime vert sett til onsdag 06.09.17, jfr. vallova § 8-3, nr. 6.”

### Saksopplysningar:

#### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Kommunen har også ansvar for gjennomføring av førehandsrøystinga på institusjonar og ambulerande førehandsrøysting. Ved valet i 2015 var det førehandsrøysting på desse institusjonane/stadene i kommunen:

*«Osterøytunet og Bergen kretsfengsel, avd. Osterøy. I tillegg vert det halde førehandsrøysting ved omsorgs-/eldrebustadene på Valestrand, Lonevåg, Hosanger, Fotlandsvåg og Haus.*

*Frist for å søkja om å få røysta heime vert sett til onsdag 09.09.15, jfr. vallova § 8-3, nr. 6.”*

Ved førehandsrøysting på institusjon og ambulerande førehandsrøysting skal det vera minst 2 røystemottakarar til stades. Rådmannen har tidlegare fått fullmakt til å oppnemna røystemottakarar, sjå eiga sak om dette.

Veljarar som på grunn av sjukdom eller uførleik ikkje kan røysta der førehandsrøystinga går føre seg, kan etter søknad til valstyret få førehandsrøysta der dei oppheld seg. Valstyret fastset frist for når søknaden må vera komen til kommunen. I vallova § 8-3, punkt 6, går det fram at fristen må fastsetjast til eit tidspunkt mellom tysdag og fredag i siste veka før valet. I Osterøy har ein tidlegare

sett denne fristen til onsdag i veka før valet. Søknadsfristen skal kunngjerast.

### **Vurdering**

Kommunen er pålagt å ha førehandsrøysting i institusjonane. Erfaringa frå tidlegare val tilseier at det og kan vera greitt å halda førehandsrøysting i alders- og omsorgsbustader. Denne ordninga gjer at ein når mange på ein stad slik at ein sparar tid og kjøring til folk som ynskjer å få røysta heime. Mange av dei som bur i eldre- og omsorgsbustader har vanskar med å koma seg til røystelokalet. Nokre søker om å få røysta heime, men ofte vert det gjerne til at dei ikkje nyttar røysteretten sin. Rådmannen rår difor til at det vert halde førehandsrøysting på dei same stadene som ved førre val. I tillegg vil ein foreslå at det vert halde førehandsrøysting på Osterøy vidaregåande skule. Det er viktig å leggja til rette for at dei unge brukar røysteretten sin, og førehandsrøysting på skulen kan gjera det lettare for dei å røysta. Tid og stad for førehandsrøystinga i institusjonar m.m. vil verta kunngjort.

Folkehelse -       ikkje vurdert i saka  
Miljø -           ikkje vurdert i saka  
Økonomi -       ikkje vurdert i saka.

### **Konklusjon**

Saka vert lagt fram for valstyret til vurdering og avgjerd.

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
006/17	Valstyret	PS	03.05.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Bente Skjerping	17/1047

## Valet 2017 - Utlekking av manntalet til offentlig ettersyn

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Ved valet i 2017 vert manntalet å leggja ut til offentlig ettersyn på desse stadene:

**Valestrand krins:** Coop Extra, Valestrandsfossen

**Hauge krins:** Coop Extra, Valestrandsfossen

**Extra Lonevåg**

**Lonevåg krins:** Extra Lonevåg

**Fotlandsvåg krins:** Joker Fotlandsvåg

**Haus krins:** Kiwi Haus

**Bruvik krins:** Nærbutikken Bruvik

**Hovudmanntalet:** Osterøy rådhus, Servicekontoret.”

## Saksopplysningar:

Saksopplysningar:

## Bakgrunn

I samband med valet 2017 skal valstyret leggja ut manntalet til ettersyn. Manntalet skal leggjast ut så snart det let seg gjera etter skjæringsdatoen 30. juni, og det skal liggja ute til og med valdagen. Vallova stiller ikkje spesielle krav, men føremålet med utlegginga er at veljarane enkelt skal kunna kontrollera om dei er manntalsførte.

Ved førre val vart manntalet lagt til offentlig ettersyn på desse stadene:

*Bruvik krins: Nærbutikken, Bruvik*

*Haus krins: Kiwi, Haus*

*Votlo krins: Kiwi, Haus*

*Hauge krins: Rimi, Lonevåg*

*Coop Extra, Valestrandsfossen*

*Seljerind krins: Rimi, Lonevåg*

*Kiwi, Haus*

*Lonevåg krins: Rimi, Lonevåg*

*Mjøsdalen krins: Rimi, Lonevåg*

*Bysheim krins: Rimi, Lonevåg*

*Fotlandsvåg krins: Vågen handel, Joker Fotlandsvåg*

*Tysse krins: Bjørndal Handel, Tyssebotnen*

*Hjellvik krins: Coop Extra, Valestrandsfossen*

*Hovudmanntalet: Osterøy rådhus, Servicekontoret*

### **Vurdering**

Til dette valet er det færre krinsar og færre manntal til utlegging.

Valestrand krins: Coop Extra, Valestrandsfossen

Hauge krins: Coop Extra, Valestrandsfossen

Extra Lonevåg

Lonevåg krins: Extra Lonevåg

Fotlandsvåg krins: Joker Fotlandsvåg

Haus krins: Kiwi Haus

Bruvik krins: Nærbutikken Bruvik

Hovudmanntalet: Osterøy rådhus, Servicekontoret

Folkehelse - ikkje vurdert i saka

Miljø - ikkje vurdert i saka

Økonomi - ikkje vurdert i saka

Valstyret skal kunngjera tid og stad for utlegging og opplysa om høve til og framgangsmåten for å krevja retting av feil i manntalet.

### **Konklusjon**

Saka vert lagt fram for valstyret til vurdering og vedtak.



# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
007/17	Valstyret	PS	03.05.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Bente Skjerping	17/1064

## Stortingsvalet 2017 - førebels oppteljing av valtingsrøyster

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Det vert halde krinsvis førebels oppteljing ved Stortingsvalet 2017.»

### Saksopplysningar:

### Saksopplysningar:

### Bakgrunn

Etter at valtinget er avslutta, skal røystestyra telja opp røystesetlane i urnene. Talet på røystesetlar skal først i protokollen for røystestyret. Denne ordninga har truleg samanheng med at det ikkje lenger vert nytta røystesetelkonvolutt på valtinget, då med unntak for røyster som vert lagt i særskild omslag.

I Osterøy har ein ved tidlegare val hatt førebels oppteljing i krinsane. Røystestyret må i alle høve telja setlane, og det tek då ikkje mykje lenger tid å sortera på parti og gjennomføra førebels oppteljing for kvar krins. Dette gir også det raskaste oppteljingsresultatet frå grovteljinga.

Erfaringa med krinsvis oppteljing er god, og ein kjenner ikkje til noko som tilseier at ein skal endra på dette. Krinsvis oppteljing føreset at det er minimum 100 personar med røysterett i krinsen, jfr. Vallova § 10-4, 2. Ved færre manntalsførte må ein telja fleire krinsar saman. Etter ny krinsinndeling er Bruvik den minste krinsen med 289 røysteføre.

Førehandsrøystene vert talde sentralt tidlegare på valdagen.

### Vurdering

Det er viktig å få resultatet frå grovteljinga fram så fort som råd, og krinsvis oppteljing er då den beste løysinga. I Osterøy er alle krinsar store nok til å ha grovteljing. Rådmannen rår difor til at ein held fram med krinsvis grovteljing av valtingsrøystene.

Folkehelse - ikkje vurdert i saka

Miljø -               ikkje vurdert i saka  
Økonomi -           ikkje vurdert i saka

**Konklusjon**

Kommunen held fram med førebels oppteljing i krinsane.